



Eldrerådet  
Formannskapet  
Driftsleiarane

Sosialdepartementet

Vedlegg

S.nr. 2004/00689 - 160

DATO : 18.06.2004  
ARKIVKODE : 231 H &13  
DYKKAR REF :  
VÅR REF : 04/00882  
SAKSHANDSAMAR : FEA/MAROY

## MELDING OM VEDTAK

Frå møtet i FAGUTVAL FOR HELSE OG SOSIAL den 17.06.2004.

De vert underretta om at det er fatta følgjande vedtak i sak 0034/04:

### **Brukarbetaling for pleie-og omsorgstenester- høyring til framlegg frå Sosialdepatrementet**

Fagutvalet for helsevern og sosial omsorg har vurdert framlegg om "Brukerbetaling for pleie-og omsorgstenester", og støttar Rådmannen sitt framlegg til endringar i høve dagens ordning slik desse er skissert i konklusjonen i saksutgreiinga.

Med helsing

Oddvar Marøy  
ass. helse- og sosialsjef

## Vurdering og konklusjon:

Fagutvalet for helse og sosiale tenester har vurdert ulike sider ved dagens todelte betalingsordning og vil kome med slike synspunkt til dei vidare vurdringane som departementet skal legge til grunn i sitt arbeid med framlegg til framtidig ordning.

1. Dagens todelte betalingssystem for pleie og omsorgstenester bør endrast og i størst mogleg grad samordnast.  
Dette for å
  - gjere betalingsordningane lettare å orientere seg i både for brukarar og kommune
  - lette administrasjonen og tenesteytarane i deira oppgåve med informasjon m.v.
  - gjere det enklare å lage gjennomarbeidde rutiner i heile organisasjonen for det som vedkjem eigenbetalingar
  - få eit felles berekningsgrunnlag ved vurdering av betalingsevna til brukarane ut frå kva som vert rekna som "inntektsgrunnlag".
2. Samordninga bør legge til rette for å skilje mellom buutgifter og eigenbetaling for pleie og omsorgstenester også for langtidsbebuarar i institusjon, tenestebasert betaling og husleige.
  - Ei detaljert oppsplitting av tenestene i institusjon må unngåast. Ei ordning der ein deler inn i "Daglelivets utgifter" og "Helse- og omsorgstenester" bør vere tilstrekkeleg.
3. Eigenbetaling for heimetenester bør endrast og ta bort skiljet mellom praktisk bistand i heimen og personretta hjelp. Skiljet i dag mellom heimesjukepleie og heimehjelp som i stor grad også yter personretta hjelp kan verte tilfeldig og urettvist.
  - Skjerming med tak for brukarar med låge inntekter må førast vidare som del av dette.
  - Staten bør fastsette betalingstak for dei inntektsgrupper som skal skjermast, men kommunene må fortsatt kunne fastsette satsar elles ut frå ordning med eins utrekning av betalingsevne/inntekt.
4. Fordelingsansvaret for ulike støtteordningar, bustønad, legeteneste, medisin, hjelpemidlar m.v bør vidareførast og ikkje endrast.
  - Dersom institusjonsbebuarar vert likestilt med leigetakarar i omsorgsbustad, vil dette gje rett til bustønad for ei ny gruppe personar. Dette vil kunne få konsekvensar for rammeoverføringane frå staten til kommunane. Ei omlegging må sikre at den einskilde kommune ikkje får reduserte overføringar frå staten med det til fylgje at ein samla får mindre til å drive tenesteyting med.
  - Dagens ordning med statleg støtte til heimebuande (også omsorgsbustad) for utgifter til lege, medisin og hjelpemidlar bør ikkje endrast. Mange innbyggjarar får slike tenester utan å vere brukarar av andre kommunale pleie- og omsorgstenester. Det vert kunstig å ha ulike ordningar ut frå eit slikt prinsipp. Unntaket vert likevel for institusjonsbebuarar som vil kunne få desse tenestene som eit samla tenestetilbod, men som dei betaler eigendel for.
  - Eit større kommunalt ansvar for t.d hjelpemidlar vil truleg medføre ei fagleg utarming av kompetanse på området og kommunen sin økonomi vil i sterkare grad påverke kven som får hjelpemiddel og kva hjelpemiddel som kan prioriterast. Statleg ansvar må oppretthaldast.